



Hordaland fylkeskommune

Arkivsakid-doknr:	17/713-3	Saksh:	Monica Hagen Hereid	Arkivkode	Dato:
Journalpostid:	17/5779	Telefon:	53 67 35 36	K1 - 113, K2 - Q00	08.11.2017

## Melding om vedtak - Handlingsprogrammet 2018-2023 til nasjonal transportplan

Eidfjord kommunestyre - 17/043:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune ber med dette Hordaland fylkesting om å vedta slik endring i handlingsplan til NTP 2018 - 2023(29):

«Avsette midlar, kr. 300 mill., til Rv 7 Ørgenvika – Svenkerud vert omdisponert til oppgradering av Rv 7 over Hardangervidda på strekninga Leiro – Haugastøl.

Dette samsvarar med Stortingsmelding 33 (2016 - 2017), og må sjåast som starten på oppgradering av Rv 7 over Hardangervidda som hovudsamband aust –vest for reiseliv og persontransport. Planarbeidet for dette må igangsetjast i 2018, slik at midlane kan nyttast i samsvar med planen i 2021-2022.»

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Monica Hagen Hereid  
-sakshandsamar tenestetorget-

Kopi til arkiv og kopibok

**Kopi til:**  
HFK v/ Matti Torgersen



Hardanger

**Eidfjord - unik frå fjell til fjord**

Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

Telefon: 53 67 35 00

Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

[www.eidfjord.no](http://www.eidfjord.no)





**EIDFJORD KOMMUNE**

Arkiv: K1 - 113, K2 - Q00  
Arkivsak ID: 17/713 - 2  
Journalpost ID: 2017005716  
Saksh.: Underhaug, Geir  
Dato: 06.11.2017

## SAKSGANG

Utvalg	Møtedato	Saknr
Eidfjord kommunestyre	06.11.2017	17/043

### **Handlingsprogrammet 2018-2023 til nasjonal transportplan**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eidfjord kommune ber med dette Hordaland fylkesting om å vedta slik endring i handlingsplan til NTP 2018 - 2023(29):

«Avsette midlar, kr. 300 mill., til Rv 7 Ørgenvika – Svenkerud vert omdisponert til oppgradering av Rv 7 over Hardangervidda på strekninga Leiro – Haugastøl.

Dette samsvarar med Stortingsmelding 33 (2016 - 2017), og må sjåast som starten på oppgradering av Rv 7 over Hardangervidda som hovudsamband aust –vest for reiseliv og persontransport. Planarbeidet for dette må igangsetjast i 2018, slik at midlane kan nyttast i samsvar med planen i 2021-2022.»

06.11.2017 - Eidfjord kommunestyre

Røysting:

Samrøystes vedteke.

KST - 17/043 - Vedtak:

Eidfjord kommune ber med dette Hordaland fylkesting om å vedta slik endring i

### handlingsplan til NTP 2018 - 2023(29):

«Avsette midlar, kr. 300 mill., til Rv 7 Ørgenvika – Svenkerud vert omdisponert til oppgradering av Rv 7 over Hardangervidda på strekninga Leiro – Haugastøl.

Dette samsvarar med Stortingsmelding 33 (2016 - 2017), og må sjåast som starten på oppgradering av Rv 7 over Hardangervidda som hovudsamband aust –vest for reiseliv og persontransport. Planarbeidet for dette må igangsetjast i 2018, slik at midlane kan nyttast i samsvar med planen i 2021-2022.»

**Særutskrift skal sendast til:** Hordaland fylkeskommune

**Endeleg avgjerd i:** Kommunestyret

### **Saka gjeld:**

Innspel til høyringsfråsegn om Handlingsprogrammet 2018-2023 Nasjonal Transportplan.

Stortingsmeldinga om Nasjonal transportplan 2018 – 2029 vart handsama av Stortinget 19. juni 2017. Handlingsprogrammet er ei konkretisering av innsatsen på riksvegane dei fyrste seks åra av planen. Det første året i handlingsprogrammet er i samsvar med Prop. 1S(2017-2018) statsbudsjettet for 2018.

Handlingsprogrammet inneheld fleire viktige investeringar innanfor Eidfjord kommune. I første seksårsperiode ligg det inne midlar til gang- og sykkelveg langs Eidfjordvatnet, oppgradering av tunnelane i Måbødalen og rassikrig ved Bergafadlet (i planen nemdt som Rossanes aust) og rassikring i Storlia. Vidare er det lagt opp til vidareutvikling av turistvegprosjektet ved Vøringsfossen.

Det føreligg godkjend reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs Eidfjordvatnet. Kostnadsoverslaget på dette prosjektet er langt høgare enn det som ligg i handlingsprogrammet. Eidfjord kommune forventar at fullfinansiering av prosjektet kjem på plass.

Kommunestyret i Eidfjord er glad for at det er sett av rassikringsmidlar til sikring av Bergafadlet. Etter vårt syn er dette no det mest rasutsette punktet på Rv 7.

Handlingsprogrammet følg opp NTP-dokumentet når det gjeld Rv 7 som hovudveg for person- og trafikk knytt til reiseliv ved å setja av kr. 300 mill.

Desse midlane er tenkt brukt på strekninga Ørgenvika - Svenkerud. Kommunestyret ber fylkestinget slutta seg til uttalen frå Hallingtinget og Hardangerviddatunnelene AS , som

begge går inn for at desse midlane vert nytta på strekninga Leiro - Haugastøl. (Sjå likelydende føresetnader og grunngjeving frå Hardangerviddatunnelene AS for dette standpunktet til slutt i denne uttalen)

Av andre viktige prosjekt utanfor Eidfjord kommune sine grenser, vil kommunestyret peika på opprustinga av E16 Bergen - Voss, og E16 Sandvika Hønefoss. Kommunestyret støttar fullt ut at desse prosjekta vert realiserte i samsvar med handlingsprogrammet.

Kommunestyret saknar opprusting på Rv 13 på strekninga Bu til kryss Rv 13/E134. Denne strekninga har vorte ein flaskehals spesielt for turistnæringa, og hindrar ei positiv utvikling for mange bedrifter.

### **Viktige føresetnader:**

#### **A. Funksjonsfordeling nærings- og persontrafikk**

Norske styresmakter har for aller første gong i historia bestemt å funksjonsfordela ein transportkorridor mellom næringstrafikk og persontrafikk. Dette gjeld mellom Rv 52 Hemsedal (næringstrafikk) og Rv7 Hardangervidda (persontrafikk). Dette vil gje alle trafikantane i korridoren 5b aust-vest tryggare veg. Stortinget har avslutta diskusjonen om å velja den eine framføre den andre. Denne likestilte funksjonsfordeling må munna ut i likestilte føresetnader for vegfarande og likestilte prioriteringar. Med denne fordelinga så vil ikkje stigningsforholda i Måbødalen vera til hinder for trafikkavviklinga. Dessutan så er persontrafikken langt meir sårbar for kolonnestenging og kolonneavvising enn tungtransporten. Det må derfor prioriterast sterkare vintersikring for persontrafikken.

#### **B. Hardangervidda som vintersikker hovudveg.**

For at Rv 7 Hardangervidda skal verta ein reell vintersikker hovudveg aust-vest for persontrafikk (reiseliv = persontrafikk), er det nødvendig med tiltak på sjølve Hardangervidda. Største utfordringa Rv 7 Hardangervidda som aust-vest-samband er vinterregulariteten, med midlertidig stenging 20-30 dagar og opp til 30 dagar med kolonnekøyring. Kolonneavgrensingane er også eit hinder for persontrafikken, som vil køyra Hardangervidda om vinteren, med bortvisingseffekt til andre fjellovergangar. Trafikktala sommarhalvåret viser tydeleg prioritering av Hardangervidda. I 3.kvartal 2017 har Hardangervidda like mange bilar som Hemsedal og Geitryggen tilsaman. Villreinproblematikken er viktig for vintervegen over Hardangervidda. Der er tunnelloysingar einaste tilrådde botemiddel.

I KVVU for Hardangervidda har Statens Vegvesen tilrådd ein redusert variant av K2 (korte tunnelar) og peika på bygging av Dyranuttunnelen på ca 6,25 km. Ut frå funksjonsfordeling mellom Rv 7 og Rv52 er det ikkje lenger realistisk med konseptet K1 (lang tunnel). Statens Vegvesen opnar på lang sikt for etappevis utbygging av 4 nye tunnelar aust for Dyranuttunnelen.

Eidfjord kommune vil også understreka at Hardangervidda er definert som Nasjonal turistveg og at Staten, Fylkeskommunen og Hardanger byggjer ut for over 200 mill kr i Vøringfossområdet. Heilårsturisme over Hardangervidda er både ønskeleg og nødvendig for

å styrkja og utvikla dei 2 nasjonalt betydelege reislivsregionane Hallingdal og Hardanger.

C. Bruk av avsette 300 millionar kroner.

Ut frå Stortinget sitt vedtak om Rv 7 som hovudveg aust-vest kan det ikkje lenger vera tvil om at vinterregulariteten på Rv 7 Hardangervidda må betrast vesentleg og at dette arbeidet bør startast så snart som råd. Hardangertunnelene AS forventar at KS1 (kvalitetssikring av KVVU) Hardangervidda no vert gjennomført (utsett i påvente av KVVU Gol- Voss i 2015) slik at ein kjem i gang med arbeidet for å sikra Rv 7 som hovudvegsamband aust-vest for persontrafikk. For 300 mill kr kan ein t.d. byggja Lågehætunnelen på 1,75 km. Det vil gje stor gevinst for vinterregulariteten. Desse 300 mill. kr. er i Handlingsplanen NTP avsette til RV 7 Ørgenvika-Svenkerud. Dette er ikkje prioritering av Hardangervidda som hovudveg og ikkje i tråd med Stortinget sine føresetnader i Meld.St.33 (2016-2017) om fordeling mellom dei to hovudvegane aust-vest. Ørgenvika-Svenkerud er felles tilførselsveg både til Hardangervidda og til Hemsedal. Rv 52 Hemsedal er tilrådd avsette 500 mill kr i tillegg.

Hallingdal arbeider for eigen Hallingdalspakke mellom Ørgenvika og Gol, i forlenginga av bompengeprojektet Sokna-Ørgenvika..

I samsvar med samrøystes tilråding frå Hallingtinget i møte 30.10.2017 til Buskerud Fylkeskommune vil Eidfjord kommune be Hordaland Fylkeskommune krevja at staten flyttar dei avsette 300 mill kr frå Hallingdalen aust for Gol til Hardangervidda mellom Haugastøl og Leiro.

D. Tunellane i Måbødalen.

Med den vedtekne funksjonsfordelinga Rv 7 og Rv 52 vil stigningsforholda i Måbødalen ikkje framstå som eit trafikkhinder. Turistbussar og personbilar vil ha få problem med motorkraft og bremsing opp og ned Måbødalen. Viss andelen tungtrafikk flyttar frå Rv 52 til Rv 7 så kan Måbødalen på sikt verta trafikkhindrande. Pr. i dag gjev dette få vanskar. Tilrådingane i Handlingsplanen for denne NTP side 178 er fornying av tunnellane med 192,8 mill. kr 2022-2023, noko som klart vil styrkja Hardangervidda som hovudveg aust –vest.

E. Andre forhold som styrkjer hovudvegen Rv 7 Hardangervidda.

I Tabelloppsettet i Handlingsplan NTP sidene 176-179, er det avsett midlar til ymse føremål som styrkjer og tryggar Rv 7 sine tilførselar til Hardangervidda sommar som vinter. Det er rassikring og gang/sykkelveg i Eidfjord, rasteplassar i Hol og sentrumstiltak i Gol. Desse forventar Eidfjord kommune vert ståande og realiserte i tråd med handlingsprogrammet til denne NTP.

Geir Underhaug  
rådmann

sakshandsamar